



# Fedje kommune

## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 11.06.2020  
**Møtestad:** Slissøyana/Skarvøyana i Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 18:30 - 21:00

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Anna Marit Storemark	Ap
Ernst Horgen	H
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Otto-Andre Nordby	H
Paul Magnar Knapskog	H
Silje Sulen Gullaksen	H

  

<b>Møtedeltakarar vara</b>	<b>Parti</b>
Elin Iren Øien Solbakk	Frp
Ingard Kåre Kahrs	H
Kristin Aase	Ap
Ove Gunnar Nilsen	H
Rune Midtun Borgerød	Ap
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

  

<b>Forfall meldt frå følgjande medlemmar:</b>	<b>Parti</b>
Annika Tvedt Villanger	Ap
Einar Villanger	Ap
Frode Hjønnvåg	Frp
Paul Gunnar Gullaksen	H

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Bjarte Villanger, Gjermund Hagesæter, Jan Torry Sande, Kristin Handeland, Øyvind Tolleshaug

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
026/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
027/20	Godkjenning av møtebok
028/20	Referatsaker
029/20	Tertialrapport, januar - april 2020
030/20	Budsjettrullering 1. tertial 2020
031/20	Sal og utvikling av Uthaugundet
032/20	Alkoholpolitisk plan for Fedje kommune 2020 - 2024
033/20	Fedje Distillery AS, søknad om skjenkeløyve 2020-2024
034/20	Fedje Servering AS søknad om skjenkeløyve 2020 til 2024
035/20	Ambulerande skjenkeløyve og løyve for enkelthøve i Fedje kommune
036/20	Landsbykafeen AS, søknad om skjenkeløyve 2020 - 2024
037/20	Fedje Handel AS, søknad om salsløyve 2020-2024
038/20	Fedje Handel A/S søknad om utvida salstid for alkoholgruppe I. Sumaren 2020
039/20	Val av kandidatar til domstolane 01.01.2021 - 31.12.2021
040/20	Gjennomgang av tidlegare val til ungdomsråd og varaer til kontrollutvalet
041/20	Oppretting og endring av arbeidsgrupper
042/20	Førebels plassering av hjartestartar
043/20	Møteplan for formannskap og kommunestyre haust 2020
044/20	Eventuelt
045/20	Frysecontainer på kommunen sin kai

**026/20: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

**K - sak 026/20 Vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent. Samrøystes vedteke.

---

**027/20: Godkjenning av møtebok**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

**K - sak 027/20 Vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent. Samrøystes vedteke.

---

**028/20: Referatsaker**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

**K - sak 028/20 Vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering. Samrøystes vedteke.

---

**029/20: Tertialrapport, januar - april 2020**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

**K - sak 029/20 Vedtak:**

Kommunestyret tek første tertialrapport 2020 til vitande. Samrøystes vedteke.

---

**030/20: Budsjetrullering 1. tertial 2020**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

**K - sak 030/20 Vedtak:**

Budsjett 2020 vert endra i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

---

## 031/20: Sal og utvikling av Uthaugundet

### Kommunestyret 11.06.2020

Endringsforslag til forslaget til H og FrP, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

- Endring av kjøpar til: Fedje Utbyggingsselskap AS, Org. nr. 988 20 2665

Fedje kommune sel etter avtale med Fedje Utbyggingsselskap AS

området ubebygd parsell av gnr. 169, bnr. 129 (Uthaugundet) med fylgjande føresetnadar:

-Ein tek bort avsnitt 2 i punkt nr. 7 i avtalen («Dersom vilkåra for tilbakekjøp er innfridd.....»)

- Nytt punkt 8: Om Fedje utviklingsselskap sel området innan 3 år, har Fedje kommune krav på 50% av eit eventuelt overskot

-Tillegg til punkt 2 første avsnitt; Kjøpesum og betaling:

For strandlinje skal ein betale pr meter kr 300

- Tillegg i punkt 7. ...innan 36 månadar etter at denne kontrakten er underteikna og har en godkjent reguleringsplan innan 2025 kan Fedje kommune gjere krav på...

- -Nytt punkt 9: Føremålet med avtalen er å få til ei utvikling av det aktuelle området som vil gå fram av ein privat reguleringsplan. Fedje Utviklingsselskap AS startar reguleringsplanarbeid når kjøpsavtale er inngått med målsetjing om å presentere ein ny privat reguleringsplan som skal vere klar til godkjenning årsskiftet 2021/22, seinast godkjent 31.12.2025.

Endringsforslag, foreslått av Otto-Andre Nordby, Høgre

031/20 Sal og utvikling av Uthaugundet

Fedje Frp og Fedje Høgre går inn for avtalen med følgjande endringar.

Fedje kommune sel etter avtale med Fedje Utbyggingsselskap AS

området ubebygd parsell av gnr. 169, bnr. 129 (Uthaugundet) med fylgjande føresetnadar:

-Ein tek bort avsnitt 2 i punkt nr. 7 i avtalen («Dersom vilkåra for tilbakekjøp er innfridd.....»)

- Nytt punkt 8: Om Fedje utviklingsselskap sel området innan 3 år, har Fedje kommune krav på 50% av eit eventuelt overskot

-Tillegg til punkt 2 første avsnitt; Kjøpesum og betaling:

For strandlinje skal ein betale pr meter kr 300

-Nytt punkt 9: Føremålet med avtalen er å få til ei utvikling av det aktuelle området med mellom anna småbåthamn, næringsbygg / kontor, naust og bustader (heilårs eller fritids) som vil gå fram av ein privat reguleringsplan

- Nytt punkt 10: Fedje Utbyggingselskap AS

startar reguleringsplanarbeid når kjøpsavtale er inngått med målsetjing om å presentere ein ny privat reguleringsplan som kan være klar til godkjenning årsskiftet 2021/22

Tilleggsforslag, foreslått av Otto-Andre Nordby, Høgre

Den private reguleringsplanen skal være ferdig seinast innen 31/12-25

### **Behandling:**

Kamilla Bjerkholt Karlsen (Ap) ba kommunestyret vurdere sin gildskap, på grunn av at svigerfaren eig nabotomta og svigerfaren er og omtalt i sakspapira frå 2006.

Kamilla Bjerkholt Karlsen (Ap) gjekk ut av møte. Kristin Aase( Ap) var vara under handsaminga av Kamilla Bjerkholt Karlsen sin gildskap.

Forslag frå ordførar Stian Herøy(H): Kamilla Bjerkholt Karlsen er ikkje ugild i behandlinga av saka. Det vart røysta over forslaget til ordførar, det vart samrøystes vedteke at Kamilla Bjerkholt Karlsen ikkje er ugild i handsaminga av sak 031/20.

Hans Erik Waage (Ap) stilte spørsmål om kva ein kunne gjera på det aktuelle området utan reguleringsplan. Representanten Hans Erik Waage ba om at svaret frå rådmannen vert protokollført. Svar frå rådmannen : Ein kan byggja 4 bustader på eigendomen utan reguleringsplan. Ein kan ikkje byggja fritidsbustader i området utan reguleringsplan. Tiltak som ein kan gjera innan for gjeldane kommuneplan som gjeldt i området.

Spørsmål frå Kamilla Bjerkholt Karlsen(Ap): Korleis vert det med dei 700 000, kr som kommunestyre løyvde til tømmeasjon for bubil i området på budsjettet for 2020. Der kommunestyret allerede har løyvd 200 000,- til dagsturhytta av dei avsette midlane. Kamilla B Karlsen vil ha svar frå rådmannen protokollført.

Svar frå rådmannen: Midlane som står att etter ferdigstilling av tømmeasjon for bubilar vert ståande på fond.

Spørsmål frå Otto Andre Nordby (H) om utfylling i sjø på området. Han ba om å få rådmannen sitt svar protokollført.

Svar frå rådmannen: Rådmannen har tidligare innstilt sak til formannskapet i ei anna sak at ein ikkje skal tillata å fylle ut i sjø, saka vart påklaga og Fedje kommune fekk ikkje medhald hjå fylkesmannen. På bakgrunn av det fylkesmannen sa i den saka må ein leggja til grunn at ein og i Uthaugundet vil tillata mindre utfylling i sjø. Men det betyr ikkje at byggegrensa vert flytta.

Ap ved Kamilla B Karlsen trakk sitt endringsforslag.

**K - sak 031/20 Vedtak:**

031/20 Sal og utvikling av Uthaugundet

Fedje Frp og Fedje Høgre går inn for avtalen med følgjande endringar.

Fedje kommune sel etter avtale med Fedje Utbyggingsselskap AS

området ubebygd parsell av gnr. 169, bnr. 129 (Uthaugundet) med følgjande føresetnadar:

-Ein tek bort avsnitt 2 i punkt nr. 7 i avtalen («Dersom vilkåra for tilbakekjøp er innfridd.....»)

- Nytt punkt 8: Om Fedje utviklingselskap sel området innan 3 år, har Fedje kommune krav på 50% av eit eventuelt overskot

-Tillegg til punkt 2 første avsnitt; Kjøpesum og betaling:

For strandlinje skal ein betale pr meter kr 300,-

-Nytt punkt 9: Føremålet med avtalen er å få til ei utvikling av det aktuelle området med mellom anna småbåthamn, næringsbygg / kontor, naust og bustader (heilårs eller fritids) som vil gå fram av ein privat reguleringsplan

- Nytt punkt 10: Fedje Utbyggingsselskap AS startar reguleringsplanarbeid når kjøpsavtale er inngått med målsetjing om å presentere ein ny privat reguleringsplan som kan være klar til godkjenning seinast 31.12.2025

Samrøystes veteke.

---

**032/20: Alkoholpolitisk plan for Fedje kommune 2020 - 2024**

## **Kommunestyret 11.06.2020**

### **Behandling:**

#### **K - sak 032/20 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek alkoholpolitisk plan for Fedje kommune 2020 – 2024 slik den ligg føre med følgjande endringar:

#### **2. Alminnelege skjenkebestemmelser**

Skjenketida for all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent ( gr I og II) er alle dagar frå kl. 0800 til kl. 0200 – med følgjande unnatak:

- Søn- og helligdagar startar skjenking frå kl. 1200.
- For alkohol i gr III er skjenking alle dagar kl 1300- kl 02.00

Utviding av einskildløyve, ambulerande og faste løyve, delegeres til rådmannen.

Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er friteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve.

Samrøystes vedteke.

---

**033/20: Feddie Distillery AS, søknad om skjenkeløyve 2020-2024**

## **Formannskapet 04.06.2020**

## **Kommunestyret 11.06.2020**

### **Behandling:**

#### **K - sak 033/20 Vedtak:**

Feddie Distillery AS skjenkeløyve for gruppe I, II og III med følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl. 02.00

Søndag og helligdagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Løyvet gjeld frå 12.09.2020 til og med 30.09.2024. Styrar for løyvet er Arild Mjelstad og avløyysar er Terese Storebø.

Samrøystes vedteke.



---

**034/20: Fedje Servering AS søknad om skjenkeløyve 2020 til 2024**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

Alkoholpolitisk plan sist revidert i K-sak 032/20 har fyljande krav til faste løyve: "Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er fritteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve. "

Fellesframlegg frå H, Frp og Ap .Fedje Servering AS får skjenkeløyve for gruppe I, II og III med følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl. 02.00

Søndag og helligdagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny.

Løyvet gjeld frå 12.06.2020 til og med 30.09.2024. Styrar for løyvet er Tore Frugård avløysar er Stian Øvstebø.

**K - sak 034/20 Vedtak:**

Fedje Servering AS får skjenkeløyve for gruppe I, II og III med følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl. 02.00

Søndag og helligdagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Løyvet gjeld frå 12.06.2020 til og med 30.09.2024. Styrar for løyvet er Tore Frugård avløysar er Stian Øvstebø.

Skjenkestaden skal ha fast meny eller ala carte meny.

Samrøystes vedteke.

---

## **035/20: Ambulerande skjenkeløyve og løyve for enkelthøve i Fedje kommune**

### **Kommunestyret 11.06.2020**

#### **Behandling:**

#### **K - sak 035/20 Vedtak:**

Fedje kommune vedtek ambulerande løyve og løyve for enkelthøve frå 12.06.2020 til 30.09.2024. Desse løyva vert gjeve innanfor dei rammene alkohollova, alkoholforskrifta og alkoholpolitisk plan, og etter retningslinjene for ambulerande skjenkeløyve og løyve for enkelthøve, sist revidert i K-sak 056/19. Alle søknader skal til politiet til uttale før rådmannen fattar vedtak i sakene, og kopi av alle vedtak skal sendast til skjenkekontrollen.

Retningslinjer for ambulerande skjenkeløyve og løyve ved enkelthøve vert vedteke slik dei ligg ved.

Samrøystes vedteke.

---

## **036/20: Landsbykafeen AS, søknad om skjenkeløyve 2020 - 2024**

### **Kommunestyret 11.06.2020**

#### **Behandling:**

Alkoholpolitisk plan sist revidert i K-sak 032/20 har fyljande krav til faste løyve: "Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er friteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve. "

**K - sak 036/20 Vedtak:**

Landsbykafeen AS får skjenkeløyve med følgjande skjenketider:

Måndag – laurdag kl. 08.00 - kl.02.00  
Søndag og helligdagar kl. 12.00 – kl. 02.00.

Skjenketid for alkoholgruppe III er kl. 13.00 - kl.02.00 alle dagar.

Uteområde for skjenkeløyvet er utvida i tråd med innlevert planteikning.

Faste løyve skal ha krav om fast meny eller à la carte meny. Bedrifter som driv med produksjon av alkohol og søker skjenkeløyve er fritteke for kravet om meny eller à la carte meny. Det er ikkje krav til fast meny eller à la carte meny når ein nyttar ambulerande løyve eller løyve ved enkelthøve.

Løyvet gjeld frå 12.06.2020 til og med 30.09.2024.  
Styrrar for løyvet er Arild Mjelstad og avløyssar er Roald Mjelstad.

Samrøystes vedteke.

---

**037/20: Fedje Handel AS, søknad om salsløyve 2020-2024**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

**K - sak 037/20 Vedtak:**

Fedje Handel A/S får salsløyve for alkohol gruppe I ved Matkroken. Dei får løyve til å selja alkohol i gruppe I slik: Måndag til fredag frå klokka 09.00 til klokka 20.00, laurdag og andre dagar før helgedag frå klokka 09.00 til klokka 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Påske-, pinse-, jule- og nyårsafta er salstida til kl. 1500.

Styrrar for løyvet vert Otto Andre Nordby. Avløyssar for løyvet vert Camilla Osebakken.

Salsløyve vert innvilga frå 12.06.2020 til og med 30.09.2024.

Samrøystes vedteke. i Fedje kommunestyre 11.06.2020

---

**038/20: Fedje Handel A/S søknad om utvida salstid for alkoholgruppe I. Sumaren 2020**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

Saka utgår

**K - sak 038/20 Vedtak:**

Saka går ut,grunna behandlinga av det faste løyve.

---

**039/20: Val av kandidatar til domstolane 01.01.2021 - 31.12.2024**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

**K - sak 039/20 Vedtak:**

Fedje kommunestyre vel desse kandidatane til dei ulike domstolane for perioden 01.01.2021 – 31.12.2024.

Bergen tingrett : Martin Karlsen og Grete Algrøy Herøy

Gulating lagmannsrett: Bjarte Villanger og Dagrun Gunnarson

Jordskifteretten: Erling Herøy, Ingard Kahrs, Ingmar Stuberg, Annika Tvedt Villanger, Marit Solbakk Øien og Torill Hermansen Horgen.

Kandidatar som skjønnsmedlemmar: Erling Herøy og Torill Hermansen Horgen

Møtefullmektig: Øyvind Tolleshaug, Annika Tvedt Villanger og Kristin Handeland.

Kandidat til utvalg som oppnevner meklar til konfliktråd : Marit Solbakk Øien

Samrøystes vedteke.

---

## **040/20: Gjennomgang av tidlegare val til ungdomsråd og varaer til kontrollutvalet**

### **Kommunestyret 11.06.2020**

Forslag til endring av sammensetning i ungdomsrådet, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Ungdomsrådet består av fem faste representantar og ein vara

Forslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Vararepresentantar for Arbeiderpartiet si gruppe i kontrollutvalet er:

1. Terje Blomvågnes
2. Frøydis Rognsvåg Hansen

Vara kontrollutval, foreslått av Marit Solbakk Øien, Framstegspartiet  
Vara1.Ove Nilsen, 2 Ørjan Borge, 3 Paul Rognsvåg

#### **Behandling:**

Felles framlegg frå Ap, H, og Frp Ungdomsråd:

Kommunestyret ynskjer ei sak på dette med ungdomsråd som tek opi i seg merknadane frå kontrollutvalet og merknader frå ungdomsrådet sjølv. Kommunestyret ynskjer ei sak på dette til kommunestyret i september.

Kontrollutval: Forslag frå Ap ved Kamilla B Karlsen 1. vara for Ap vert Terje Blomvågnes, 2. vara for Ap vert Frøydis Rognsvåg Hansen.

Forslag frå H og Frp. 1. vara vert Ove Nilsen, 2. vara vert Ørjan Borge, 3. vara Paul Rognsvåg

#### **K - sak 040/20 Vedtak:**

Felles framlegg frå Ap, H, og Frp

Ungdomsråd:

Kommunestyret ynskjer ei sak på dette med ungdomsråd som tek opp i seg merknadane frå kontrollutvalet og merknader frå ungdomsrådet sjølv. Kommunestyret ynskjer ei sak på dette til kommunestyret i september.

Kontrollutval:

Forslag frå Ap ved Kamilla B Karlsen 1 vara for ap vert Terje Blomvågnes, 2 vara for Ap vert Frøydis Rognsvåg Hansen.

Forslag frå H og Frp. ved Otto Andre Nordby 1 vara vert Ove Nilsen, 2 vara vert Ørjan Borge, 3 vara Paul Rognsvåg

Samrøystes vedteke

---

## **041/20: Oppretting og endring av arbeidsgrupper**

### **Kommunestyret 11.06.2020**

Forslag til vedtak, foreslått av Bjørn Solbakk, Framstegspartiet  
Endre arbeidsgruppa for nytt klubbhus, til arbeidsgruppa for turløypa.  
Leiar for arbeidsgruppa for turløypa Silje Gullaksen.  
Leiar for marknadsføringsgruppa Otto Nordby  
Leiar for arbeidsgruppa, utbedring/ ny sjukeheim Marit Øien

Tilleggsforslag til forslaget frå FrP, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Medlem for arbeidsgruppa for turløypa Anna Marit Storemark  
Medlem for arbeidsgruppa for marknadsføringsgruppa Hans Erik Waage  
Medlem for arbeidsgruppa for utbetring/ ny sjukeheim Kamilla B. Karlsen

### **Behandling:**

#### **K - sak 041/20 Vedtak:**

Forslag frå Frp. ved Bjørn Solbakk

Endre arbeidsgruppa for nytt klubbhus, til arbeidsgruppa for turløypa.  
Leiar for arbeidsgruppa for turløypa Silje Gullaksen.  
Leiar for marknadsføringsgruppa Otto Nordby  
Leiar for arbeidsgruppa, utbedring/ ny sjukeheim Marit Øien

Forslag frå Ap ved Kamilla B Karlsen

Medlem for arbeidsgruppa for turløypa Anna Marit Storemark  
Medlem for arbeidsgruppa for marknadsføringsgruppa Hans Erik Waage  
Medlem for arbeidsgruppa for utbetring/ ny sjukeheim Kamilla B. Karlsen

Samrøystes vedteke

---

## **042/20: Førebels plassering av hjartestartar**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

**K - sak 042/20 Vedtak:**

Hjartestartar Fedje Kommune har fått i gåve frå Sparebanken Vest skal vere tilgjengeleg for alle 24 timar i døgnet. Denne bør verte plassert utandørs i eit fastmontert skap med alarm. Plassering skal vere på utsida av barnehagen. Opplæring av bruk av hjartestartar vert gjeve til personell i barnehagen.

Samrøystes vedteke.

---

**043/20: Møteplan for formannskap og kommunestyre haust 2020**

**Kommunestyret 11.06.2020**

**Behandling:**

**K - sak 043/20 Vedtak:**

Møteplan for haust 2020 vert som følgjer:  
Formannskap: 1. september, 13. oktober, 24. og 26. november kl 17.15  
Kommunestyret: 9. september, 22. oktober, 10. desember kl.18.30

Samrøystes vedteke.

---

**044/20: Eventuelt****Kommunestyret 11.06.2020****Behandling:**

Spørsmål frå Arbeiderpartiet ved Kamilla Bjerkholt Karlsen:

Hvis vi hadde kommet med i det prosjektet kunne vi ha gjort mye, spesielt for barn og unge på Fedje. Sånn som jeg forstår det har flere kommuner i Nordhordland fått blitt en del av dette prosjektet og prosjektet dekker blant annet økte helsesykepleierstillinger og ungdomscoordinatorer i andre kommuner.

Spørsmål om auka ferjeprisar frå Ap ved Hans Erik Waage.

Svar frå rådmannen:

Fedje kommune har fått avslag på søknaden om å vera med i HOPP prosjektet, Fedje kommune har klaga på vedtaket.

Ferjeprisane er det fylkeskommunen som har ansvar for. Det er i dag komen melding om at det er løyvd midddlar frå Staten som kan bøta på dei høge ferjeprisane, men me veit sjølvstakt ikkje kva dette kan føra til for ferjesambadet Fedje-Sævrøy.

Sak frå Høgre ved Silje Sulen Gullaksen:

Fedje Høgre er bekymra for sikkerheten rundt frysecontaineren som står på kommunekaien. Det er blant anna observert at born syklar rundt containeren. Me ber om at den vert fjerna. Saka ver reist som eigen sak.

Kommunestyret ville ha ei eigen sak på saka frå H.

**K - sak 044/20 Vedtak:**

Ingen vedtak.

---

**045/20: Frysecontainer på kommunen sin kai****Kommunestyret 11.06.2020****Behandling:****K - sak 045/20 Vedtak:**

Fedje Høgre er bekymra for sikkerheten rundt frysecontaineren som står på kommunekaien. Me ber om at den vert fjerna.

Samrøystes vedteke.

---